

Odda Mållag

Ullensvang Mållag

Jondal Mållag

Språkdelinga på Odda ungdomsskole

Spørsmål til dei politiske partia i Ullensvang kommune, ved listetoppene.

Kringom i landet byter halvparten av elevane frå nynorsk til bokmål frå dei byrjar på barneskulen til dei går ut or den vidaregåande skulen.

Slik har det ikkje vore i Odda: Me meiner at ei viktig årsak til dette er språkdelinga på Odda ungdomsskole.

Me meiner det var både sørgjeleg og urovekkjande at Odda kommunestyret oppheva språkdelinga frå og med skuleåret 2016/17.

Både fornuft og innsamla data viser at einskaplege språklege ungdomsskular/språkdelte ungdomsskular gjer nynorskelevane til tryggare språkbrukarar som vil halda fram med nynorsk i den vidaregåande skulen og seinare i yrkeslivet.

Spørsmålet til dei politiske partia i Ullensvang kommune vert dette:

Vil partiet ditt ta opp att språkdelinga på Odda ungdomsskole? Med andre ord: på nytt innføra Oddamodellen? Fint om standpunktet dykkar vert grunngjeve.

Odda 16.08.19

Med beste helsing

for Jondal Mållag

Jofrid Kårstad Espeland, leiar

for Ullensvang Mållag

Johannes H. Sekse, leiar

for Odda Mållag

Knut O. Dale, leiar E-post: knu-dale@online.no Adr: Jordalsvegen 28, 5750 Odda

Me bed om svar innan 31.auguast. Svara dykkar vil me offentleggjera.

Vedlegg (sjå side 2):

Lesarinnlegg i Hardanger Folkeblad 15.12.15:

Målbyte i Odda og Valdres:

den store skilnaden.

Av Knut O. Dale, leiar i Odda Mållag

I Valdres byter 75 prosent av elevane frå nynorsk til bokmål. Slik er det ikkje i Odda. I år var det 2 av 56 elevar som gjekk over til bokmål då dei tok til på Odda vidaregåande skule, dvs. mindre enn 4 prosent.

Firmaet Proba samfunnsanalyse hevdar at årsaka til målbyte er «den massive bokmålspåverknaden», skal me tru eit brev frå Utdanningsdirektoratet datert 26.06.15.

Men bokmålspåverknaden er like stor i Odda som i Valdres. Men det er ein skilnad mellom Odda og Valdres: I Valdres har dei ikkje språkdeling i ungdomskulen med grunnlag i skriftspråket til elevne på barneskulen.

Svært mykje tyder på at målbytet vil verta mykje større i Odda om språkdelinga vert oppheva.

Karen Marie Kvaale Garthus, som no er avdelingsleiar på den studiespesialiserande studieretninga på Valdres vidaregåande skule, har granska målbytet i Valdres.

I eit intervju med NRK sa ho om årsaka til målbytet: «Jeg tror at dette handler om at en nynorskbruker i Valdres mangler språklig selvtillit, og at vi ikke har klart å gi dem det gjennom skolegangen.»

Denne språklege sjølvtiliten gjev Odda ungdomskole nynorskelevane.

Frå

Innst. 68 S (2016-2017)

Innstilling til Stortinget frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen

Dokument 8: 116 S (2015-2016)

Flertallet viser til GSI-statistikk som viser andelen språkskifte blant elevne gjennom skoleløpet. I Telemark skjer det største frafallet i løpet av grunnskolen. Blant elevne som startet på 1.trinn i Telemark høsten 2001, var 17 pst. nynorskelever. Ved starten av 10.trinn høsten 2010 var andelen falt til 9 pst., og på vidaregåande våren 2013 var den 6 pst. Det betyr at andelen nynorskelever falt med nær 8 prosentpoeng i løpet av grunnskolen.

Den 16.08.2019 20:34, skrev Roald Haug:
Hei!

Fint om de kan skaffa oppdaterte tal på kostnad.
Og evt forslag på kva det er naturleg å kutta i oppvekstsektoren for å finansiera satsinga.

fre. 16. aug. 2019 kl. 19:44 skrev Knut Dale <knu-dale@online.no>:

Hei

Gode politikarar

Sjå vedlegg.

Mållaga i Jondal, Ullensvang og Odda spør i brevet kva de som listetoppar for dei ulike partia, meiner om språkdelinga på Odda ungdomsskole.

Me bed om svar innan 31.august.

Merk at brevet er på to sider. De får og brevet i posten.

Svaret på spørsmålet sender de til knu-dale@online eller som brev til

Knut O. Dale

[Jordalsvegen 28](#)

[5750 Odda](#)

Med beste helsing

for mållaga

Knut O. Dale

--

mvh

Roald Aga Haug

Ordførar

Odda Kommune

tlf: 97558400

--

mvh

Roald Aga Haug


Ordførar

Odda Kommune

tlf: 97558400

Fra [TORE BERGUM](#) 

Til knu-dale@online.no



Dat 16.08.2019 23:01

o

Gode målmann!

Miljøpartiet Dei Grøne i Ullensvang meiner den lenge praktiserte språkdelinga ved Odda ungdomsskule er ei sær s god løysing for både elevar og lærarar. Med ein såvidt stor elevmasse som fordeler seg nokonlunde likt mellom dei to skriftmåla våre, er "reinspråklege" klassar ein naturleg måte å organisera seg på. Dei gode sidene ved saka har vore rikt skildra av både elevråd, foreldreråd, fagforeining, ymse politikarar og sjølv sagt mållaget.

Den trauste baksida er som så ofte økonomien. Kostnaden vil variera frå år til år, alt etter om den målmessige fordelinga på elevkullet gjer at ein ekstra klasse må opprettast for å få det til å gå opp. Ein ekstra klasse krev om lag 1,3 årsverk, råkar det fleire kull på rad snakkar vi fort om 2 mill. kr.

For vår del må vi konkludera som for mange andre saker vi støttar heilhjarta: Vi kan ikkje lova noko før vi ser kva som er att av økonomisk handlingsrom når lovpålagde tenester er sikra standsmessig drift og gjeldshandteringa er på rett veg. Deretter må gjeninnføring av språkdeling vurderast mot andre gode føremål, ikkje minst slike som kjem skulane, kulturlivet og ungdomen til gode. Sjå i miskunn til oss om vi skulle få ta del i den krevjande oppgåva dét er.

Vyrdsamt,
for MDG Ullensvang, Tore Bergum.

[Tore Bergum Fjordavegen 3610 5777 Grimo 99 35 87](mailto:tore.bergum@online.no)
60 tore.bergum@online.no
tore.bergum@ullensvang.kommune.no
tore.bergum@mdg.no

Re: Spørsmål om språkdelinga på Odda ungdomsskole

Fra [Lindskog-Lund, Lajla-Margrethe](#)

Til [Knut Dale](#)

Dat
o Lør 23:24

Hei!

Orsak at eg ikkje har svart dykk før.

Sidan eg ikkje har like mykje kjennskap til Odda-modellen som dei politikarane som kjem frå Odda, har eg difor prøvd å få informasjon så eg kan gje dykk eit fornuftig svar. Eg kunne godt tenka meg å vita endå meir om denne modellen, og korleis utviklinga har vore før, og etter, ein gjekk vekk frå modellen med tanke på språkbyte blandt ungdommar og unge vaksne.

Eg meiner det er viktig at me oppmodar ungdom som startar på ungdomsskulen til å halda på nynorsk som hovudmål; og det same når dei startar på vidaregåande skule, og når dei som vaksne språkbrukarar skal skriva. Å få opplæringa i alle fag på hovudmålet sitt er, som de skriv, med på å gjera ungdommane sikrere i språkbruken sin.

I dag er det 126 elevar på ungdomsskulen i Odda som har nynorsk og 63 som har bokmål. I fylje rektor på ungdomsskulen, Sven Olaf Brekke, er det i dag ikkje færre som nyttar nynorsk enn det var før Odda-modellen vart kutta, og kanskje ein tendens til at fleire vel nynorsk. Det er positivt. Det kan likevel vera elevane vil verta endå tryggare språkbrukarar om dei får all undervisninga på hovudmålet sitt. Eg ynskjer difor at ein skal vurdere om Odda-modellen, med språkdelt undervisning, bør innførast igjen.

Helsing

Lajla-Margrethe Lindskog-Lund
[Ordførarkandidat for Senterpartiet i Ullensvang kommune](#)

Svar frå Raudt Ullensvang

Fra [Terje Kollbotn](#)

Til [Knut Dale](#)

Kopi til [Sindre Måge](#) 

Dato Søn 16:18

Vi takkar for Dykkar brev vedrørande språkdelinga på Odda ungdomsskole. Raudt Ullensvang har i vårt lokalprogram 2019.2023 programfesta fylgjande: "Hald oppe Odda-modellen - språkdeling ved Odda Ungdomsskule".

Partiet Raudt har kjempa i fleire år for å halde oppe denne ordninga, ilag med Mållaget og mange andre. Det vil vi halde fram med i nye Ullensvang kommunestyre, samstundes som vi ynskjer å løfte dette opp som ei nasjonal ordning i språkdelte kommunar. Dette kan skje gjennom ei forskriftsendring i Opplæringslova, slik at parallellklasseordninga som gjeld på barnetrinnet, og skal gjelde på ungdomstrinnet. Dette har vi fått støtte for på landsmøtet i Raudt alt i 2015.

Helsing Raudt Ullensvang
Terje Kollbotn (leiar og 1.kandidat)